

skogstillgångar, kan jag säga, att av det överskott vi beräknat få av de fyra nordliga länen 4 miljoner lm^3 , kunna järnvägarna, om deras kapacitet utnyttjas tillfullo, icke frakta mer än 3 miljoner lm^3 på åtta månader. Vi måste alltså för den 4:e miljonen välja andra transportvägar, såsom på sjön, samt frakta på järnvägarna mer än åtta månader. Där ser man, huru begränsade våra möjligheter äro att tillgodogöra oss våra skogstillgångar. Vi kunna icke bara hugga ved i Norrland. Torvmossarnas belägenhet till stor del i södra Sverige gör det angeläget, att vi utnyttja dem i större utsträckning.

Med detta har jag givit en liten orientering om våra planer, som kan ligga till grund för en vidare diskussion.

UTNYTTING AV FJELLBEITA.

Foredrag i Norsk Rikskringkasting den 27. juli 1941.

Av beitekonsulent Haakon Sløgedal.

När eg her skal seie noko om dette emnet, så vil eg med ein gong få gjere merksam på at eg berre kjem til å tale om den vinning ein kan gjera seg av fjellet som beite for husdyr. I dette ligg det inga undervurdering av andre måtar å nytte fjellviddene på. Eg kjem berre ikkje inn på dei her.

Bruken av fjellbeita er som vi veit gamal her i landet. Utover i bygdene har det difor vakse fram mange og ofte sermerkete driftsformer både når det gjeld leige og bruk. Dei kan vere interessante nok, men det er ikkje tid til å kome inn på dei her.

Mange av dei eldre bruksmåtane er elles blitt avløyste av nye, — og spørsmålet i dag er fyrst og fremst korleis vi no på beste måte kan nytte dei store verdiane som ligg i fjellbeita våre.

Vi tar difor for oss nokre av dei vanlegaste formene for beitebruk i fjellet i dag.

Fyrst nemner eg då sæterbruket, slik vi finn det på gardar som sjølv har sætrar i fjellet. Det er som oftast mjølkedyra som er avgjerande for driftsforma der, sjølv om det også følger med ikkje så lite av ungdyr og slaktedyrr. Tingen er at mjølkedyra kvar kveld må heim til sætra att, og krev individuell røkt og tilsyn. Beitevidda er dermed avgrensa til det omkverve dyra på rimeleg vis når over på ein dag med sætra som utgangspunkt. Dette omkverve blir ikkje serleg stort. Sætrane burde difor liggje i godt beitelende. Gjer dei ikkje det, blir grasmengda, og dermed næringstilgangen, for knapp for ein rimeleg mjølkeproduksjon. Det blir sjølv sagt snarast for lite for vårbære kyr. Det kan såleis nemnast at sjølv om sæterbeita er gode, er det sjeldan mjølkemengda når over 8—10 kg pr. dag, sjølv om dyra etter kontrollrekneskapen å døme kunne nådd ein god mon høgre. I bygder med mykje sæterdrift er av den grunn haustbære

kyr oftast det vanlege. Slik situasjonen for vinterføret er for tida, kan det vera grunn til å tenkje over om dette er det beste. I alle høve bør ein n o, så langt det er råd, halde andre beitedyr borte frå sæterbeita i fall desse er mindre gode, eller sterkt sette med dyr. Ungdyr og slaktedyr bør ikkje få ta maten frå mjølkedyra. Endå mindre bør sauene det, — så mykje meir som det er vanleg røynsle at ulike dyreslag ikkje bør beite saman. I dei fleste fall er der dessutan so mykje unytta beiter at der er plass nok andre stader for dei dyr som ikkje mjølkar.

Avdråtten, eller budråtten som det ofte blir kalla, frå denne beitedrifta blir fyrst og fremst mjølk og mjølkeprodukt. Det krev lus og arbeidsgogner, og ikkje så lite arbeid også. Den arbeidssparande sentraliseringa som ein kan få gjennomført nede i bygda på dette omkverve, let seg berre gjennomføre i fjellet der sætrane ligg såpass tett saman at dei kan drive sams foredling, eller få fram veg så mjølka kan hentast med bil. Der det er tilfelle, har sæterbruket halde seg godt oppe. Verre stilte på denne måten er dei einselege sætrane, — serleg der dyretalet er lite.

No blir det elles brukt i einskilde strok av landet å samle mjølke- dyr i små drifter. Det blir også her tatt med ein del gjeld-dyr og ungdyr, som eigaren då lyt betala leige for. For mjølkande dyr får han leige, ofte i form av lut i avdråtten. Foredlinga av mjølkeprodukta blir her sams for eit større tal dyr og skulle falle billegare. Driftsmåten har difor sine føremoner, der beitet er stort og rikt. Beiteutnyttinga blir den same som ved vanleg sæterdrift, for også desse smådriftene er knytte til ei sæter, og i alle høve, mjølkedyra må heim til kvelds.

Noko nær same føremoner skulle ein oppnå på større fellessætrar basert på samdrift. Dei skulle vel også stå noko sterkare økonomisk, så dei kunne rasjonalisere mest mogleg og oppnå dei same driftsmessige føremoner som sætergrendene.

Under denne omtalen av sæterdrifta har eg brukt nemninga mjølkedyr, og ikkje mjølkekyr. Det er gjort med vilje, — for på mange av slike sætrar i landet vårt held dei også mjølkegeiter. Når det gjeld beiteomkvervet, det individuelle stellet, og forma for avdråtten, så blir det ikkje stor skilnad mellom geita og kua som beitedyr i fjellet. Bortsett frå ulikt økonomisk utbytte ligg skilnaden for storparten i krava til sjølve beitet. Geita klarar seg på ringare beite, og serleg kan ho nytte mykje meir bratt og ulendt beite. I så måte står ho i ein klasse for seg sjølv.

Som nemnt fylgjer oftast ungdyr og slaktedyr med til sætrane. Det er vanlegast i fjellbygdene, og er vel og bra når beitet er stort og rikt nok. I fleire fylke har dei også tatt til med å samle ungdyr til serskild leigde beitevidder som høver for slike fedrifter. Like eins er det skipa til uksehammer der fealslaga og andre kan få inn vaksne uksar, så også desse kan kome seg noko ut om sommaren.

Som regel vil dei elles bli ståande inne meir enn dei har godt av.

Det er oftast landbruksselskapa som har gjort opptaket eller som ordnar med slike beite. Frå gardar der beitetilhøva er ringe, og der ðet er uråd eller vanskeleg å få nok kulturbeite, bør det bli vanleg å sende ungdyra på slike fjellbeite. Så sant det då er rimeleg høve til det. Det trengst no meir enn før.

Skal storfeet kunne nytte fjellbeitet med føremon, bør dette ikkje liggje for høgt eller verhard. Gjer det det, må ikkje berre mjølkekyr, men også helst ungdyra i hus for natta. Det avgrensar beiteomkvervet og gjer drifta dyrare. Også av omsyn til næringstrongen gjer ein nok rettast i berre å rekna med dei noko lågareliggjande og betre beite som velskikka til storfe.

Også hesten nyttar fjellbeitet godt. Frå gamalt var det vanleg at dei bygder som låg innåt fjellet, let arbeidshestane gå sjølvstyrde innover viddene i tida mellom onnene. No har ein som regel så mykje bruk for hestane, eller i det minste så ofte bruk for dei, at dette blir for tungvint. På små gardsbruk kan ein heller ikkje sende følhopene frå seg for lengere tid. Ikkje når det gjeld brukshestar i kvart fall. Når det gjeld opprett av aledyr, er det som kjent vanlegare å sende hoppene til fjells. Det blir som vi veit, samla mange av dei på hestealssætrane der dei likaste alehingstane går med sine hoppefylgje kvart år.

Ein har dessutan i fleire fylke serlege beite for unghestar.

Både for hest og for ungdyr av storfe må ein seia at det høver godt med slik driftegjøting. Dei let seg greidt frakte eller drive over større veglengder, og dei skal enten berre hente livnæringsfôr, eller dei skal leggje avdråtten i form av tilvokster på seg sjølv eller avkjømet. Der er ikkje den fåre for minking i den samla produksjon som vanskelege tilhøve gjerne fører med seg for mjølkekyra under flytjinga vår og haust.

Når det gjeld hest, må ein likevel vera klår over at ein ikkje kan få gjere seg nytte av dei verkeleg store beiteviddene med dette dyret. Det blir for få dyr vi kan sende til fjells til det.

Beste husdyret til å kunne nytte dei store beiteviddene er utan tvil sauen. Serleg gjeld dette for dei beita som ligg noko høgt til fjells eller langt unna. Det er fleire ting som gjer dette.

For det fyrste høver næringstrongen for sauen betre til nærings-tilgongen, — grasmengda, — på fjellet. Han klarer seg difor betre om det for ei tid er noko lite av og noko langt mellom grasdottane. Ulpelsen gjer og at ruskever og kulde nauvar han lite, serleg på ettersommaren. Han er grei å få til og frå beitet, og avdråtten i form av kjøtt og ull blir som regel både stor og god.

Vanlegaste formene for beitedrift med sau i fjellet er sjølvstyring og driftegjøting. Eg vil difor nemne nokre ord om desse i samband med sauen.

Beitedriftene var vanlegast før kjøpte saman om våren, og blei selde om hausten når dei kom ned att frå fjellet. No er dei oftast

samla på det viset, at driftegjætaren mot ei viss leige tar dyra med seg til fjells om sommaren, for så å levere dei attende til eigaren om hausten. Som beite leiger gjætaren eit relativt stort omkverve inne på fjellet, og her får då dyra reike fritt ikring. Gjætaren og hans folk passer berre på at dei ikkje kjem ut over grensene av det leigde omkverve. Til hjelp for dette arbeidet blir det no ofte sett opp lange nettinggjerde, som saman med flog og vassdrag grensar av beitevidda. Då kan ein eller eit par mann passe mange tusen dyr i sommartida. Denne form for beitedrift høver sers godt for sau også av den grunn at han beiter i småflokkar, så heile omkvervet blir nytta.

Sjølvstyring av sau, og beitedyr elles, er ikkje gamal driftsform her i landet. Det er vel fyrst etter at rovdyrplaga minka så sterkt av, at det er blitt vanleg. Men det er ein einfald og billeg måte å nytte beitet på. Dyra blir då om våren berre drivne opp i dei strok dei skal beite. Dei kan då gå fritt ikring utan anna avgrensing enn den len-det gjev. No har elles sauene for vane å halda til i dei same trakter år etter år. Då det dessutan ofte er i beite som ligg noko nærare heime, eller noko ned mot sætrane, at ein styrer sauene, så går det som regel greidt å finne han att om hausten. I alle høve plar det gå svært greitt der det er ordna med sams sankedag for bygda.

Sjølvstyringa er vanleg for dei fleste bygder som ligg opp mot fjellet heile landet over. Driftegjætninga er mest vanleg og har fått dei mest rasjonelle formene i Rogaland og elles i fylka sør og vest i landet.

No kan ein spørja: Kor store beitevidder har vi så alt i alt liggjande innover fjellviddene våre? Noko visst kan ingen seia i dag. I statistikken er rekna med noko slikt som vel 200 mill. mål «anna areal». Kunne vi rekne halvparten av dette, og vi så veit at avdråtten av vårbære kyr t. d. kan nå opp i 800 til 900 kg mjølk for sommaren, og at ein sau med lamma sine kan hente heim 30—40 kg og meir av kjøtt og ull, så kunne vi setja opp eit interessant reknestykke over kor mykje vi kunne vinne om vi hadde kunne fylt alle fjellbeita med dyr. Velrøynde fagfolk har gjort det for visse delar av fjellet etter mykje sikrare måtar, og det blir store tal. Statskonsulent Sæland reknar såleis for drifteheiane i Agderfylka ca. 500 000 kg kjøtt pr. år i vinning.

Av større interesse i dag er det likevel å drøfte utvegane til snarast og best å nytte ut dei sætrane og driftebeita som ligg tome. Og dei er det mange av. Det veit vi.

Vi kan då merke oss at det som grunn for tilbakegang i sæterbruket oftast blir nemnt at arbeidshjelpa blir for dyr. Det vil med andre ord seia at drifta med mjølkedyr krev relativt mykje arbeid. Mange stader har dei greidd å rette på dette ved samdrift eller sætervegar, — som før nemnt. Andre ulemper, som t. d. for knapt beite vår og haust kan ein rette på med å laga kulturbeite heime på

garden til bruk i overgangstidene. For bygder som ligg noko nære oppåt fjellet, er det elles utveggar til eit samspel mellom garden heime og sætra, både når det gjeld utnyttinga av arbeidskrafta og avdråtten som det ikkje blir høve til i bygder som ligg lenger unna. Der vil ein elles i kulturbeita kunne få eit både billeg og rikeleg sommarbeite. Utnytting av fjellbeita med mjølkefe har lege og kjem nok til berre å liggja fjellbygdene til.

Onnorleis stiller det seg med driftegjættinga. Dyra der må leggje avdråtten på seg sjølv og ber han sjølv heim att. Flyttinga til og frå beite blir såpass rimeleg at sjølv bygder som ligg 10—15 mil og meir frå fjellet, kan sende dyr dit. Drifta er omlagd eller kan omleggjast slik at det krevst lite folkehjelp endå til store mengder av dyr. Det gjev billeg drift. Og store luter av landet utanom fjellbygdene kan vera med. Det gjeld både for hest og unge. Mest gjeld det likevel for sau, og den er det dessutan ikkje lett å få til å trivast på kulturbeita.

Skal vi difor kunne gjera oss nytte av dei fjellviddene som kan og bør brukast til beite, så blir det nok for sætrane sitt vedkomande, fyrst og fremst med dyr frå fjellbygdene og dei næraste dalbygdene, og for driftebeita sitt vedkomande med dyr frå større strom.

Men då må også talet på husdyr opp. Skal då fjellbygdene ha von om å tevla t. d. ved sal av livdyr, og det skulle elles liggje vel til rette, — så må ikkje føringa bli ringare. Og skal ikkje utnyttinga av fjellet som saubeite berre bli ei omleggjing av drifta, men bli ei beinveges nasjonaløkonomisk vinning, så må ikkje sauene ta føret frå dei andre husdyra.

Her er vi inne på det som i større mon enn noko anna er avgjerande for utnyttinga av fjellbeita. Kan vi finne utveggar til å auke vinterføret så mykje at vi kan halde dyr nok? Vi kan ikkje koma nærare inn på det her, men eg vil likevel nemne eit par ting. For det fyrste, det mest sjølvsgade: Vi må få opp avlingene av førvokstrane på den dyrka marka, ikkje minst på enga. Dernest ligg det nær å nemne sætervollane, dei næraste utslåttene og vanleg slåttemark nedover bygdene. Ofte vil ei rimeleg overflatekultivering og gjødsling gje stor avlingsauke. Kulturbeite til bruk vår og haust vil lengje beiteperioden mykje, serleg i bygder som ligg noko lågt. I kystbygdene vil lyngbeite om vinteren også stø godt oppunder.

At nok og billeg vinerfôr har vore ein tungtvegande faktor i sauehaldet og nyttinga av fjellbeita kan ein lese seg til av tala i statistikkene for sauehaldet i dei sørvestre lutene av landet.

Der kan vera vanskar med å få dyra til og frå fjellet og med å få beitinga i gang. Men dei let seg vinne over. Ei god hjelp i så måte er det at staten yter tilskot til frakt av dyra, og stør elles også på ymse vis nye tiltak så dei kan kome over dei fyrste vanskanene. Det vil elles landbruksselskapa og beitekonsulentane på forespurnad gje råd og rettleiing om.